

# Treng fleire frivillige

**FLORØ:** Det meste ser ut til å vere i gjenge med neste helgs store Fjordsteam-arrangement i Florø med for fjordabåtar og veteranbåtar.

**OLAV HATELEMARK**  
olav.hatemark@firdposten.no

Vi treng hjelp av endå 10- 15 frivillige til å ta imot gjestande båtar og vere ein slags lokal kontaktar, oppmodar den lokale sjeften for stemnet i Florø, Sander Ødelien i Atløys Venner.

Dei treng folk til å selje suvenirar og t-shorter frå ei av buene på torget og til å vere vakter på kaiane på kveldstid og eventuelt guidar.

– Dette er enkle og kjekke arbeidsoppgåver der du kjem i prat med positive folk, lovar Ødelien.

*Og betalinga?*

– Den er den same som for oss i Atløys venner; gratis kaffi og tilgang til mannskapsteltet.

Arrangøren held samling på Haffen tysdag ettermiddag for orientering og fordeling av oppgåver. Dei som kan tenkje seg å

hjelpe til i nokre timar kan ta direkte kontakt med Sander Ødelien eller Rolf Grønnevik.

*Litt seint å komme med dette no?*

– Ja, det kan du sikkert seie. Vi har elles god kontroll med arrangementet, svarer Ødelien.

Fjordsteam startar torsdag 5. august klokka 1700. Då kjem 44 veteranbåtar i konvoi inn til Florø hamn. Kvar båt vert presentert etter kvart som dei passerer Fugleskjærskaja.

Langtidsvarselet er lovande.

Atløys venner ventar seg mykje folk til storarrangementet. Ødelien vil likevel ikkje spekulere i noko tal. Billettsalet for turar med damp og fjordabåtane går rykande og tyder på stor interesse.

**«Dette er enkle og kjekke arbeidsoppgåver der du kjem i prat med positive folk»**

Sander Ødelien



**FLEIRE:** Sander Ødelien har nesten kontroll. Men ber fleire frivillige om å melde seg og lokkar med ei god oppleving.

## Imponerende spel også i Dana Cup

**DANMARK:** Fleire av FSK-laga i årets Dana Cup kom vidare til A-sluttspelkampar. – Fotballen dei spelar har til tider vore kjempebra.

**DAVID E. ANTONSEN**  
david@firdposten.no

Det seier Geir Rindheim, som trenar G14-laget til FSK.

– Dei vi hadde håp om skulle komme seg til A-sluttspellet har gjort nettopp det. Laga har god breidd i troppane og verkar solide, seier han på telefon frå Danmark.

Det er «Superfredag», dagen der alt vert avgjort, og Rindheim og dei andre trenarane er travle. Rindheim har mange FSK-kampar han burde vere på. For fredag morgon var fire av i alt sju FSK-lag vidare til sluttspelkampar.

### – Kan bli finalespel

I alt er det vel 150 personar frå Florø til stades under Dana Cup i Hjorring.

Gutar 13 og Gutar 15 kjem nyleg frå Gothia cup, der det eldste laget fekk med seg ein bronsepokal i bagasjen heim att.

Ser ein på tidlegare prestasjonar var det likevel størst forventingar til G16 sine kampar i Dana Cup.

Fredag foremiddag vann sekstenåringane åttandedelsfinalen mot Bergen Nord, i ein kamp dei vann 2-0. Men dess-



**IMPONERANDE:** Fleire av FSK-laga i Dana Cup har gjort det svært bra, mellom dei G16. her er dei i pausen i kvartfinalen mot Verdal. MMS-foto: Geir Rindheim.

verre tapte dei kvartfinalen 2-0 mot Verdal.

### – God innsats

G11 sitt førstelag kom også veldig langt under Dana Cup, for øvrig deira første cup i utlandet.

Sjolv om dei rauk ut i semifinalen vart dei totalt nummer tre i A-sluttspellet. Dei tapte for eit betre Atetis-lag frå Litauen, trass i at det var jamt lenge.

– Men då ungene fekk doya

den verste skuffelsen var det meir enn nøgd med bronse. Dei spelte veldig imponerende og kom seg lengst av alle FSK-laga, seier Rindheim.

### Trivsel

I tillegg kom G14 sitt førstelag vidare til A-sluttspellet, men tapte 1-0 for Frei i åttandedelsfinalen. Andrelaget til G14 rauk også ut i åttandedelsfinalen.

Gutar 12 rauk ut i kvartfinalen

på straffekonkurranse mot eit lag frå Venezuela.

– Alt i alt har laga i Flora SK gjort ein veldig bra innsats, seier Rindheim og understrekar at Dana Cup alt i alt har vore vellykka – også sosialt.

– Vi har hatt det veldig bra. Folk trivest, seier Rindheim.

**■ For fleire resultat og for å følge FSK i Dana Cup, sjå [www.firdposten.no](http://www.firdposten.no)**

## Golfklubben treng anleggsveg

Florø golfklubb har søkt om 300 000 kroner i tettstadsmidlar til utvikling av ein anleggsveg frå hestesportsenteret og vidare fram til golfbana ved Brandsøy planfeskule.

Styret skriv i søknaden sin at vegen vil vere svært viktig for å kunne transportere god jord frå Botnastranda fram til golfbana. Det er no dei har tilgang på jorda og kan få retta ut golfbana og utvikla ho vidare til ei seks hols bane. Om nokre månader kan det vere for seint. Vegen er kostnadsrekna til 650 000 kroner. Resten av kostnadene vil golfklubben ta på eiga rekning.

## Vegsalting øydelegg matjorda

I følge Nationen, er skadene etter salting av vegane større enn nokon gong før. Opp til 100 meter frå vegane kan ein finne skader på skog etter årets vinter.

Vegsalting er eit aukande miljøproblem. Saltinga kan føre til redusert jordkvalitet og stor forureining.

Salting kan også vere skadeleg for dyre- og planteproduksjon langs vegane.

Naturvernforbundet, økoorganisasjonane og bønder er nokre av dei som bekymrar seg for etterverknadene av praksisen.